

## Informasjon frå biblioteket

Pga. koronasituasjonen er meiopent bibliotek framleis stengt. Vi kjem med informasjon straks vi veit meir.

### Take away-bibliotek

Tilbodet om bokbestilling held fram. Bestill ved å sende e-post, ring (kontaktinfo nedst) eller bestill direkte i katalogen på nett.

Bestill konkrete titlar eller kom med ønske. Henting etter avtale. Ved sjukdom eller karantene kan vi levere hos deg

Bøker kan leverast i bokinleveringsboks utafor Hovden grendehus, eller i Bykle etter avtale.

### Fjernlån

Det er igjen opent for bestilling av fjernlån (bestilling av materiale frå andre bibliotek). Du kan bestille på bibsok.no (du må ha lånekort og PIN), eventuelt kontakt biblioteket om du ønsker å bestille.

### Opent bibliotek i veka 25 og 26

Hovden: Onsdag og fredag KL. 13-17

Bykle: Måndag og torsdag KL. 13-17

Biblioteket er som vanleg stengt 5 veker i juli (29/6-31/7).

### Hjarteleg velkommen!

### Sommarles—lesekampanje for barn i 1.-7. Klasse

I 2019 kom Bykle på topp i Agder i deltaking, med 81,6 % oppslutning! Vi håpar sjølv sagt på like god eller betre oppslutning i år!

Alle elevane får informasjon om dette på skulebiblioteket. Dei får også med lapp heim. Biblioteket oppmodar foreldre og barn til å kome på biblioteket før sommarferien. Lån masse bøker, lag ein profil på Sommarles.no og registrer etter kvart som barna les.

- Sommarles er ein digital lesekampanje på nettsida Sommarles.no. Barna lagar seg ein profil, registerer alt dei les i kampanjepериодen og får XP (poeng) for kvar side dei les.

- Sommarles.no er for barn i 1. - 7. klasse og varer frå 1. juni til 31. august.

- Barna får tilgang til ei spesialskriven forteljing av forfattar Mari Moen Holsve.

- I tillegg til XP, kan barna også gjøre seg fortente til digitale trofé og kule premiar som kan hentast på biblioteket!

Ein kan hente premiar på alle bibliotek som er med, eller samle poeng og hente hos oss etter ferien.

Kontaktinformasjon biblioteket: telefon: 379 38 690 / e-post: [biblioteket@bykle.kommune.no](mailto:biblioteket@bykle.kommune.no) / Messenger-melding til Bykle folkebibliotek. Lik gjerne Bykle folkebibliotek på Facebook



Språkkafeen er pga. lavt besøkstal avlyst ut året. Vi funderer på korleis vi kan lage eit tilbod som er relevant for dei som treng språktrening. Har du idear, tilbakemelding eller synspunkt på dette så ta gjerne kontakt med biblioteket

Helsing Bykle folkebibliotek og Bykle frivilligssentral

### Bookbites—ny e-bokløysing

Biblioteket tilbyr nå BookBites, ei teneste der du kan låne e-bøker og e-lydbøker. Last ned appen BookBites frå App Store eller Google Play. Logg inn med lånekortnummer og PIN. Kontakt biblioteket viss du manglar dette eller treng hjelp for å komme i gang.



# Byklaren

eit informasjonsblad frå Bykle kommune

Juni 2020 | 31. ÅRGANG | OPPLAG 982



### Familieskogdag Bjørgedalen Sundag 07.06.2020 kl 10.00

Oppmøte ved bomkassen ved avkjørsla frå fylkesvegen (nedom Bjørgum kraftverk). Det vert suppe og eplekaker på Skjellestøyl. Kulturelt innslag ved Daniel Sanden Warg. Sigrid og Torstein Bjørgum fortel om Bjørgedalen og støylsdrifta her for brukar på Bjørgum. Natursti for store og små i området rundt Skjellestøyl. Kjetil Åmlid, Kjell Arne Rosseland og Inge Olav Fjalestad fortel om hogsten som foregår i området no og framtidig ungskogpleie.

**Påmelding pga diverse smittevernomsyn innan onsdag 3 juni til Sigmund A. Trydal (95 05 36 47 eller [sigmund.a.trydal@gmail.com](mailto:sigmund.a.trydal@gmail.com))**

### Sovevandring i Oveinang laurdag 6. juni kl. 13:00

Frammøte ved vegkrysset til Rygnestad. Torleiv K. Løyland vil orientere om lokalsoga i området, særleg det som gjeld husmannsplassar og dei som budde der. Ein endar opp på Rygnestadlopet med høve til å få omvisning der. Alle frå heile Setesdal og vidare er velkomne, utan påmelding. Om så usannsynleg skulle skje at det kjem fleire enn 50, vil det bli omvisning i to atskilte grupper. Tak gjerne med litt mat og drikke.

**Setesdal Sogelag**

### Bykle kulturskule

Kulturskulen har i løpet av mai månad starta opp med noko individuell undervisning. Det var berre noen av elevene som fikk starte opp igjen i vår p.g.a. avgrensa kapasitet. Korps og kor må også vente.

Vi håper på vanleg undervisning for alle elevene våre frå slutten av august. Kulturskulen tek kontakt etter sommarferien.

Vi ynskjer alle ein riktig god sommar, hugs å hør mykje på musikk!

**Helsing Bykle kulturskule ved Helga Jacobsen  
[helga.jacobsen@bykle.kommune.no](mailto:helga.jacobsen@bykle.kommune.no)/45273218**



### Års-

### møte i Bykle og Valle kunstlag

Bykle og Valle kunstlag haldar årsmøte i Valle rådhus, kommunestyresalen onsdag 3 juni kl. 18:00. På grunn av coronaviruset blir det ingen servering. Velkommen!

**Bykle og Valle  
KUNSTLAG**

### Dalebuksekurs

Buksekurs v/Laila Rysstad.

Kurset er på 150 timer og startar opp tysdag 18.august.

Kurset vil gå på tysdagar frå kl 17-22.

Medlemspris 40,- per time, ikkje medl. 70,-. Bindande påmelding innan 15.juli til Jørgine Mosdøl på tlf.: 951 72 235 eller mail: [jorgine@online.no](mailto:jorgine@online.no).



### SKATEHALLEN ER ÅPEN!

- VIKTIG!
- SYKE PERSONER SKAL HOLDE SEG HJEMME
- BRUK ANTIBAC VED INNGANGEN NÅR DU KOMMER OG GÅR.
- HOLDE MINST 1 METERS AVSTAND
- BRUK BARE EGET UTSTYR, IKKE LÅN AV ANDRE!
- PÅBUDT MED HJELM OG HANSKER
- DE SOM BRUKER SKATEHALLEN MÅ REGISTRERE SEG (SMITTESPORING)
- SMS TIL IDA OLSEN-SUND, FAGLEIAR UNGDOM OG KULTUR 95623738
- SMITTEVERNREGLER KAN ENDRE SEG OG DET VIL DA BLI SENDT UT NY INFORMASJON

**MAX ANTALL SAMTIDIG  
ER 8 STK.**

### Angåande kulturprogram til hausten

Som alle no erfarer, er det vanskeleg å planlegge kva som skal skje framover. Vi jobbar imidlertid med nokre utandørs arrangement/turar og vil også sjå på kva vi kan få til av kulturcafér med eit avgrensa antal publikum i kombinasjon med digital overføring. Og vi jobbar med å legge om kinodagar og frekvens, grunna stor nedgang/lite besøk i heile 2019. Vi kjem tilbake med meir detaljert info etter kvart - så sjåast vi nok om ikkje alt for lenge, «live» eller på nett!

**Tømekalender**  
Restavfall: 03.06  
Matavfall: 03.06, 17.06  
Glas/metall, papir og plast: 17..06

**Helsing kultur & fritid**